

---

Saksnr: 2026/34583-5  
Saksbehandlar: Bjørnar Tjøflot

---

**Saksgang**

| Utvai         | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet |             | 24.08.2026 |

**Høyringsuttale til nye Dyrstad kraftverk i Bremanger kommune**

## Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar at NVE gir konsesjon til Nye Dyrstad kraftverk, under føresetnad av at tilstrekkelege, kontrollerbare og etterlevelege avbøtande tiltak vert stilte som vilkår i konsesjonen. Det vert teke atterhald om at eigne faglege høyringsinnspel frå seksjon for kulturarv og fagseksjon for friluftsliv må reknast som ein del av Vestland fylkeskommune si samla vurdering, og at desse kan gje eit meir utdjupande bilete av konsekvensane enn det som kjem fram av dette saksframlegget.
2. Fylkeskommunen ber NVE om å vurdere om tiltaket er i samsvar med vassforskrifta, og om det bør vurderast om det skal stillast krav til fiskefaglege undersøkingar for å dokumentere bestandsstatus for aure i tiltaksområdet.
3. Omsynet til vilt må ivaretakast i anleggsfasen, spesielt i hekke- og yngletida frå april til juli.

## Samandrag

NVE har sendt søknad frå Dyrstad Kraft AS på høyring, som søker om konsesjon for nye Dyrstad kraftverk i Dyrstadelva i Bremanger kommune. Tiltaket inneber ei oppgradering og utviding av eksisterande anlegg, der installert effekt aukar frå 1 MW til 4,3 MW og årlege produksjon vil gå frå 4,6 til 10,2 GWh. Saka er vurdert opp mot fleire regionale interesser, men grunna ferieavvikling har det ikkje vore mogleg å vurdere saka opp mot kulturarv og friluftsliv. Frist for høyringsuttale er 05.08.2026, men fylkeskommunen har fått utsett frist til etter fylkesutvalsmøte 24.8.26. Vedtak i saka, saman med saksframlegget, sendast til NVE som Vestland fylkeskommune sin høyringsuttale.

Robert Rastad  
fylkesdirektørBård Sandal  
direktør  
Næring, plan og innovasjon (NPI)*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Dyrstad Kraft AS (eigd av Norsk Vannkraft AS) søker om konsesjon etter vassressurslova § 8 og energilova til å byggje nye Dyrstad kraftverk i Dyrstadelva i Bremanger kommune. Søknaden er datert 13.11.2023 og oppdatert 27.05.2026. NVE har sendt søknaden på høyring med frist 05.08.2026.


Vestland fylkeskommune er høyringspart i saka.

### Skildring av tiltaket

Dyrstadelva ligg på nordsida av Nordgulen, om lag 6 km vest for Svelgen og 25 km nord for Florø i Bremanger kommune. Eksisterande Dyrstad kraftverk vart sett i drift i 1999 og er friteke frå konsesjonskrav. Norsk Vannkraft AS overtok kraftverket i 2021.

Tiltaket inneber ei oppgradering og vesentleg utviding av eksisterande anlegg. Dei sentrale elementa i søknaden er:

- Nytt inntak i Ytre Stølsvatnet på kote 321,6 og ny kraftstasjon ved fjorden på kote 4, som utvidar fallhøgda frå 268 til 318 meter
- Ny røyrgate frå nytt inntak ned til eksisterande inntak, og ny røyrgate frå eksisterande kraftstasjon ned til ny kraftstasjon ved fjorden, samla røyratelengde om lag 1 500 meter
- Overføring av eit delfelt (delfelt 3 i figur 1) via røyr til inntaket i Ytre Stølsvatnet
- Auka regulering av Dyrstadvatnet frå 1 til 2 meter, ved å senke lågaste regulerede vasstand (LRV) frå kote 389,13 til 388,13



Figur 1: kartutsnitt som viser nedbørsfeltet til omsøkt kraftverk. Raude strekar og punkt er nye tiltak. Kjelde: figuren er henta frå konsesjonssøknaden.

Tiltaket vil auke installert effekt frå 1 MW til 4,3 MW og meir enn doble den årlege kraftproduksjonen frå 4,6 GWh til 10,2 GWh, noko som svarar til straumforbruket til om lag 280 husstandar. Over 70 prosent av produksjonen er vinterproduksjon. Utbyggingskostnadene er estimerte til 32,1 mill. kr, med ein utbyggingspris på 6,17 kr/kWh for ny produksjon.

## Vedtakskompetanse

Jamfør reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet, har utvalet vedtakskompetanse i saka jf. kap. 7. Høyringsuttale og kap. 27. Vassressurslova.

## Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

## Vurderingar og verknader

### **Administrative/økonomiske konsekvensar:**

Handsaminga av saka medfører ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Uttalen er utarbeidd innanfor ordinær sakshandsaming og krev ikkje auka bemanning eller særskilde ressursar ut over det som ligg i den løpande drifta av fagavdelingane.

Indirekte kan ei positiv avgjerd frå NVE bidra til auka kraftproduksjon i regionen, noko som på sikt kan ha positive effektar for forsyningstryggleiken i Vestland. Dette er likevel ein nasjonal og regional samfunnseffekt som ikkje direkte påverkar fylkeskommunen sin økonomi eller drift.

### **Klima:**

Vestland fylkeskommune har vedteke Regional plan for klima 2022-2035, som set mål om netto nullutslepp i Vestland innan 2030.

Nye Dyrstad kraftverk vil produsere 10,2 GWh fornybar vasskraft årleg, der over 70 prosent er vinterproduksjon. Dette støttar opp under målet om auka fornybar energiproduksjon og grøn omstilling av næringslivet. Samstundes grip tiltaket inn i eit vassdrag og naturområde med verdier knytt til naturmangfald, der mellom anna gamal furuskog vert påverka. Intakt natur er ein viktig karbonlager, og arealbeslag og fragmentering er ein negativ direkte klimaeffekt som avbøtande tiltak berre delvis kan kompensere for.

Klimaprofilen for regionen tilseier auka nedbør i framtida, noko som kan gi høgare produksjon over tid, men som også aukar risikoen for flaum og erosjon. Fylkesdirektøren vurderer at tiltaket støttar opp under fylkeskommunen sitt mål om auka fornybar energiproduksjon i tråd med regionale planar, men understrekar at dei negative verknadene for natur og areal må vegast opp mot dette, og at avbøtande tiltak må vere tilstrekkelege og etterlevelege.

### **Kulturminne:**

Grunna ferieavvikling har fylkesdirektøren ikkje hatt høve til å utarbeide ei fagleg vurdering av tiltaket sine konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø som del av dette saksframlegget. Seksjon for kulturarv vil likevel sende eit eige høyringsinnspel direkte til NVE og svare ut dette administrativt. Det må takast atterhald om at seksjon for kulturarv sine vurderingar kan gi eit anna eller meir utdjupande bilete av konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø enn det som går fram av konsesjonssøknaden.

### **Infrastruktur og veg:**

Fylkeskommunen, ved avdeling for infrastruktur og veg, sitt ansvar er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg. Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar.

Infrastruktur og veg sine interesser knyt seg primært til planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

#### Avkøyrslar frå fylkesveg

Dersom oppgraderinga av eksisterande kraftverk krev at det vert etablert nye avkøyrslar og/eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar til fylkesveg 5710, må de søke Vestland fylkeskommune om løyve til dette. Dette gjeld også mellombels utvida bruk. Avkøyrslar må vere utforma i samsvar med handbøkene, og vi føreset at tal påkoplingspunkt til fylkesvegen vert halde til eit minimum.

#### Byggegrense

Generelle byggegrens langs fylkesveg er 50 m, jf. veglova § 29. De må søke om løyve frå Vestland fylkeskommune dersom tiltak som kraftstasjon, luftspennmaster, massedeponi, transformatorstasjonar, riggområder, oppstillingsplassar og andre tiltak etter § 30 i veglova kjem nærare vegen.

#### Graveløyve

Det må ikkje førast kablar, leidningar eller anna utstyr over, under, langs eller nærare fylkesvegen enn 3 meter frå vegkant utan løyve frå Vestland fylkeskommune, jf. veglova § 32.

Søknadsskjema finn de på våre heimesider: [Søknadar og løyve - Vestland fylkeskommune](#)

#### Arbeidsvarsling

Før det vert sett i gang arbeid på/ved fylkesvegen, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen: [Arbeidsvarsling](#)

#### Transport langs fylkesveg

De må opprette kontakt med Vestland fylkeskommune for inngåing av avtale dersom det i samband med oppgraderinga av kraftverket vert behov for transport som har lengde, breidde og vekt som krev tiltak på eksisterande fylkesvegar. Vegutbetringar i samband med slik transport krev gjennomføringsavtale med vegeigar, og vi gjer merksam på at det også kan blir stilt krav til gjennomføringsavtale for med anna arbeid som skjer i samanheng med fylkesvegane. Spesialtransport krev også løyve frå Statens vegvesen.

Dersom noko er uklart knytt til krav om løyve og avtalar ber om at de tek kontakt med Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg.

#### **Folkehelse:**

Grunna ferieavvikling har fylkesdirektøren ikkje hatt høve til å utarbeide ei fagleg vurdering av tiltaket sine konsekvensar for friluftsliv og folkehelse som del av dette saksframlegget. Fagseksjonen for friluftsliv og folkehelse vil sende eit eige høyringsinnspel, saman med seksjon for kulturarv, ved ev. merknadar. Det må takast atterhald om at desse merknadane kan gje eit anna eller meir utdjupande bilete av konsekvensane for friluftsliv og folkehelse enn det som går fram av konsesjonssøknaden.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:**

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 set fire hovudmål: velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid. Nye Dyrstad kraftverk bidreg positivt til målet om velferd og verdiskaping gjennom auka fornybar kraftproduksjon, lokale arbeidsplassar og kommunale skatteinntekter, men står samstundes i eit spenningsforhold til målet om klima og natur, der utviklingsplanen slår fast at naturmangfald skal vere ein premiss for samfunnsutviklinga.

Sett opp mot Vestland sin berekraftsmodell gir tiltaket eit positivt bidrag til økonomisk og sosial berekraft, medan den miljømessige berekrafta vert utfordra av inngrep i naturmangfald og vassdrag. Fylkesdirektøren legg til grunn at ei samla avveging av desse dimensjonane må liggje til grunn for NVE si konsesjonshandsaming, og at avbøtande tiltak må sikre at dei miljømessige konsekvensane vert minimerte.

#### **Vilt og vassmiljø:**

Elveløpa er klassifiserte med «God» økologisk tilstand. Fylkeskommunen ber NVE vurdere om dei omsøkte endringane, særleg redusert vassføring på 2 200 meter av vassdraget, kan medføre risiko for forringing av denne tilstanden, og om tiltaket er i samsvar med krava i vassforskrifta. Det er registrert aure i tiltaksområdet, men det er ikkje gjort fiskefaglege undersøkingar som dokumentere bestandsstatus for denne. Det bør etter fylkesdirektøren sitt syn vurderast om det skal stillast krav til fiskefagleg undersøking.

Vi vil vidare oppmoda om at det vert teke omsyn til viltet i anleggsfasen i hekke- og yngletida (april - juli)

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer Nye Dyrstad kraftverk som eit positivt bidrag til fornybar energiproduksjon og lokal verdiskaping, i tråd med regionale mål om auka fornybar energi. Samstundes ser fylkesdirektøren dei negative konsekvensane for naturmangfald. Fylkesdirektøren ynskjer å be NVE vurdere om redusert vassføring kan forringe den klassifiserte «gode» økologiske tilstanden i vassdraget, og om tiltaket er i samsvar med vassforskrifta. Avbøtande tiltak må vere tilstrekkelege, kontrollerbare og etterlevelege, og omsynet til vilt må ivaretakast i anleggsfasen.

Grunna kort høyringsfrist og ferieavvikling vil seksjon for kulturarv og fagseksjon for friluftsliv sende eigne høyringsinnspel til NVE. Det må takast atterhald om at deira vurderingar kan gi eit anna bilete enn det som kjem fram av konsesjonssøknaden.

Etter ei vurdering, som ikkje tek omsyn til kulturminne og friluftsliv, tilrår fylkesdirektøren at Vestland fylkeskommune ikkje har avgjerande innvendingar mot at NVE gir konsesjon til Nye Dyrstad kraftverk, under føresetnad av at avbøtande tiltak vert stilte som vilkår i konsesjonen.